Inntil ca. 1800 var de kristne opptatt av å gjendrive islam, men fra det 19. århundre ble en ny tendens tydelig. Nå gjaldt det spørsmålet om hvordan en kunne vinne muslimer for evangeliet. Opsal nevner *Henry Martyn* (1781-1812) som den første moderne muslimmisjonær. Han gjorde en bemerkelsesverdig innsats på flere områder.

Martyn kjente den muslimske verdens behov som en byrde som forpliktet ham til innsats. «La meg brenne ut for Gud», skrev han i sin dagbok ved ankomsten til Calcutta i 1806.

Martyn mente at særlig gjennom skolemisjon kunne en nå ut til Indias millioner hinduer og muslimer. Han gjorde en banebrytende innsats ved å oversette NT til urdu, persisk og arabisk. Han deltok i offentlige debatter med muslimske lærde, og det fortelles om Martyn at tårer over et hardt angrep på hans tro gjorde mer inntrykk på forsamlingen enn velformede resonnementer. Dessuten satset han mye på personlig evangelisering blant muslimer.

Det som gjør inntrykk på en moderne leser, er Martyns brennende ønske om å nå muslimer



*Hans-Henrik Brix er komen godt i gang i tenesta for KMM.*

med evangeliet, hans rike personlige utrustning og allsidige innsats på strategisk viktige områder. I løpet av seks år gjorde Martyn en innsats som fremdeles lyser, skriver Jan Opsal.

Det store navnet i moderne islammisjon er *Samuel M. Zwemer* (1867-1952). Etter en lang tjeneste i Arabia var Zwemer blitt den reformerte kirkes fremste autoritet på islam og arabiske forhold. Han var en pioner når det gjaldt misjon i Arabia. *Ideen hans var å forkynne evangeliet der islam stod sterkest.* Gjennom sitt forfatterskap og sitt engasjement i utdannelsen av misjonærer fikk han uvurderlig betydning for protestantisk misjon blant muslimer.

Zwemer deltok på verdensmisjonsmøtet i Edinburgh i 1910 og var en av drivkreftene bak møtets fokusering på misjon blant muslimer. Han fikk også betydning for norsk misjon blant muslimer. Otto Torvik stiftet Den Norske Muhammedanermisjon i 1940 etter at han under sine studier i USA hadde møtt kallet til muslimmisjon gjennom Zwemers forfatterskap.

Jan Opsal peker også på en rekke aktuelle utfordringer, først og fremst nødvendigheten av å *prioritere muslimmisjon.* Det er fortsatt langt igjen til en satsing som svarer til utfordringen. Samuel Zwemers visjon om å drive misjonsarbeid der islam står sterkest, må tas på alvor. Opsal nevner også behovet for saksvarende kunnskap om islam. Det er selvsagt spesielt viktig for den som skal arbeide blant muslimer. Likeens er det nødvendig å gjennomtenke forholdet mellom kristendom og islam (religionene).

Islam er verdens største ikke-kristne religion. Islam regner kristendommen som en del av sin egen historie. Islam har et begrepsapparat som ligner kristendommens. Islam er den eneste religionen kristendommen har tapt betydelig terreng til, og islam er også den religionen kristendommen har hatt jevnlig konfrontasjoner med i over tusen år. Derfor står kristendommens møte med islam i en særstilling.

## Glimt fra Agder og Stavanger Krets

AV KRETSSEKRETÆR DAVID SVENSEN

**Kretsårs møtet i Agder og Stavanger krets:** Lørdag 21. mai hadde misjonsvenner i Konsmo lagt alt til rette for et godt årsmøte. Det er lenge siden, om noen gang, det har vært så mange utsendinger som dette året. Tore Arnegard gledet oss med solid og aktuell bibeltid, og festtale om kvelden. Både regnskap og årsmelding ble godkjent, og en kunne for første gang glede seg over at enkelte bedehus vil støtte arbeid på misjonsmarken for KMM.

Nye i styret ble: Torhild Vatland, Hauge i Dalane, ny, og Gudleik Himle, Fiskå, gjenvalgt. Varamenn ble: Elisabeth Hauge, Klepp, Hans Henrik Brix, Egersund, Rasmus Voll, Nedstrand, Magnar Nordhelle, Søgne og Einar Rørtveit, Nedstrand.

Om kvelden var det flott fest med mat i mengder, god song av Åse og Dinai, og ei flott gåve til misjonen.

**Resolusjon:** Kristen Muslimmisjon (KMM) sitt kretsårs møte i Agder og Stavanger krets ser med uro på splitting i Den Norske Kyrkja i Stavanger Bispedømme. Det er særlig aktuelt etter at vi fekk ny biskop, Erling Pettersen. KMM ser med uro på at Bibelen ikkje lenger er einaste rettesnor for liv og lære i Den Norske Kyrkja, noko som gjer samarbeidet vanskelegare med representantar i bispedømmet, og dessutan skaper kløyving i kristenfolket.

Kretsårs møtet i KMM.

**Familieleiren:** Ein flott leir er avvikla, med mange fram og tilbake. Stadig kom det meldingar om noko som var kome i vegen, samstundes som nye ville vera med. Vi balanserte med alle rom fulle, og ein familie i båt i havna. Denne familien var på papiret flytta

inn og ut av internatet fleire gonger, dei måtte i båten. Diverre blei det likevel eit ledig rom, Anne Margrethe måtte ta omsyn til helsa, og vera heime. Heile leiren har tatt deg med i bøn, Anne Margrethe, og du blir lettare å hugsa for desse no! To grundige bibeltimar av Kristoffer Ueland, Terje Byberg og andre på møta, og vellukka barnesamlingar med Anette Nordhelle gav innhald til leiren. Vi må heller ikkje gløyma John Halse med songkveld. Brukbart ver, populær badeplass, fotball og rullebrett, gav mykje aktivitet, så det blei ro om natta. På ulike måtar kom det og inn omlag 9000,- til misjonen.

**Støtte til tenesta i India:** Ræge Bedehus på Sola har dette halvåret hatt barne- og ungdomsarbeidet i India som eit prosjekt. Dei har tatt opp kollektar, eller gjeve på annan måte, og ser ut til å nå ein fin sum. Når ein tenkjer på skulen, og anna ein der kjem i kontakt med unge, er dette sãmansarbeidet av beste merke. Når så Åkra Sundagsskule og vil vera med, blir det som Anne Margrethe seier, mindre ein treng frå KMM. Åkra Sundagsskule har i år betalt det leiren i mai kosta, og gjordt eit vedtak om at dei i 3 år skal bevilga det leiren kostar, og støtte til 4 elevar på skulen. Dei ser heller ikkje bort frå at dette kan forlengjast. Summen dei reknar med å få inn, er då ca. 5000 kr i året. Dette må vel vera både ei lette i budsjettet for KMM, ei oppmuntring i tenesta, og mange nye som får høyra om arbeidet. Kjennskap gjev kjærleik. Takk!

**Møter:** Kretsen har no betre talarhjelp, og du må gjerne ta kontakt for møte og i haust. Gløym heller ikkje neste år. Skulle det vera greitt med fleire møte hjå dykk, er det fint. Kva med emnemøte, bibeltimar, samla eller over ei tid? Ta kontakt.

**Kretsstyret** har viktige oppgåver dette året.



David Svensen.

Den dei vel gled seg mest til, er å finna ny sekretær etter noverande, som blir pensjonist til våren. Ver med å be over dette, at ein med kallet finn sin plass.

**Internasjonal leir:** Denne er det IKF som lagar til. I år på Solgry i Sveio. Det var nok færre der dette året enn det vanlege, men ein fin flokk frå mange land var samla i slutten av juni. KMM sin sekretær fekk høve til å vera med som talar ein av dagane.

**Godt med familie:** Eg ringde til ein for å invitera han til IKF sin leir. Eg hadde då nett fått melding om at nokon som skulle vore med frå leiren til møte på Åkra Bedehus, som hadde måtte melda avbud til leiren. Men eg kan koma sa han, koma og syngja, og så tek eg familien med: Ein time før møtet ringde han og sa at dei vart litt seine, for dei nådde ikkje bussen, men ville vera der 5 minutt for seint. Det var berre dei i bussen, bilar kom i tillegg, det kom godt over 20 afrikanarar til møtet. Eg trur dei på Åkra vil minnst det ei stund. Slik song er ikkje vanleg.

## Glimt fra Bergen Krets

AV KRETSSEKRETÆR SIGMUND MELAND

Så er sommaren over. Ein sommar som, for mange av oss, har gjeve gode opplevingar, anten det var på årsmøter, stemmer, leirar eller kanskje enkelt på reis ute i Guds frie natur. Men sommaren gav oss også ei anna oppleving, ei oppleving som fortalte oss at Noreg ikkje lenger er eit land som er fritt for terror. Må me be om Guds trøyst og styrke til dei etterlatne og til dei overlevande etter terroren i Oslo og på Utøya!

Av møteverksemd, sidan førre bladet, kan nemnast at Olav Bergene Holm vitja kretsen 3. til 8. mai, og heldt møte i Sunnhordland og i Hardanger. Generalsekretær Tore Arnegard har helde møte i Florø og Jølster i juni månad. Anne Margrethe Eidesvik, India-misjonæren vår, var med på møte og andre samlingar medan ho var på heimeopphald. Ho bad, også denne gongen, leiinga for kretsen og andre misjonsvenner, til samling heime hos seg på Bømlø. Kaupangerstemna er tillyst til den 04. september og er kanskje halden når dette vert lese. Anne Margrethe vert også med her saman med Tone Elisabeth Væ. Tone Elisabeth har tidlegare reist for mi-

sjonen (då med etternamnet Kvalsvik). Alt etter som ho får det til å høva med arbeidssituasjonen sin, vonar me at ho kan halda nokre møte framover, då nærmast som fritidsforkynnar.

Stillinga som kretssekretær vert med det første lyst ut som 100% stilling. Leiinga for kretsen har freista med mindre storleik på stillinga, men føler no at dette ikkje fører fram. Kostnad med person i full stilling vil merkast kraftig i budsjettssamanheng, men det vil føra til fleire møte og dermed meir forkynning av «Ordet» og meir orientering om misjonsgreina. Kan ein få «rett person på rett plass» trur ein at dette kan verta til velsigning. Me må vera i bøn om Guds leiing og så vera villige til å innordna oss etter den. Me minnst kva Abraham sa då han var i ferd med å ofra Isak: «Gud vil nok sjølv sjå seg ut eit offerlam, guten min.» (1 Mos 22,8). Måtte Gud sjølv også kalla til teneste som sekretær i Bergen krets!

Sjeldan har vel misjonen stått overfor så mange og så store oppgåver på ein gong. Det er rop etter hjelp frå alle misjonsmarkene. Her er bruk for personar til å senda ut og for midlar direkte til lokale organisasjonar både til forkyn-



Sigmund Meland.

ning og humanitær hjelp. Det er mest som ein kan setja seg inn i situasjonen som Paulus var i om natta då han hadde eit syn: Han såg ein makedonar som stod og kalla på han og bad: «Kom over til Makedonia og hjelp oss!» (Apg 16,9). Må me som Paulus vera villige til å lyda ropa – til å hjelpa! Dette forplantar seg også til kretsane. Med ynskje om ein god og av Herren velsigna haust til dykk alle!

## Glimt fra Møre og Romsdal Krets

AV KRETSEKRETÆR DAGFINN RØSVIK

Vårt tradisjonelle sommerstevne på Bjorliheimen Hotell var i år i perioden 27.05.- 29.05.2011. Stevnet samlet ca. 40 deltakere. Dette er en del flere deltakere enn det som har vært vanlig de siste årene. Det var Bernt Stray og Willy Jess som var talere på stevnet. Sanggruppa God bodskap fra Gjerdsvika og Moltu deltok med fin sang. Jeg var forhindret fra å delta på dette sommerstevnet, men jeg har fått mange tilbakemeldinger. Alle tilbakemeldingene har gitt uttrykk for at sommerstevnet var en samling som gav et rikt åndelig utbytte. Det har videre vært poengtert at sanggruppen var en positiv ressurs for samlingsen. Vi hadde i år en del deltakere fra Agder og Stavanger krets. Vi ønsker å åpne sommerstevnet også for de andre kretsene. Håper derfor at vi til neste år kan få langt flere deltakere fra de andre kretsene. Vi ønsker selvsagt på flere deltakere også fra vår egen krets. Tenk over allerede nå om ikke dette er en samling som kan være aktuell for deg. Du er hjertelig velkommen.

Også i år legger vi opp til et kretsletteri, der vi håper på et godt resultat for misjonen. Salget starter 20. august. Vi kan ha et bruttosalg på kr 90 000,-. Mange takk til dere som har gitt gevinster. En takk også til våre mange loddselgere, jeg håper mange vil støtte KMM ved å kjøpe lodd. Trekningsdato er 21.11.11. Alle som vinner vil bli orientert av kretssekretæren.

Vi ønsker i høst å ha møter i hele Møre og Romsdal. Kretsen har mange fritidsforkynnere som kan komme å orientere om misjonen og forkynne Guds Ord. Jeg oppfordrer alle som er kontaktpersoner å ta kontakt med kretskontoret og avtale sted og tid for møtet. Kristen Muslim-misjon vil etter avtale ta seg av annonsering av møtet og bære de økonomiske kostnadene.

Kretsen skulle så gjerne hatt et kristent tilbud for våre innvandrere. Vær med å be om at det må åpne seg en dør så vi kommer i gang med dette arbeidet. Vi ønsker å nå våre nye landsmenn med evangeliet.

Til slutt vil jeg minne om Salme 9,11.v. «De som kjenner ditt navn, stoler på deg, for du har



Dagfinn Røsvik.

ikke forlatt dem som søker deg, Herre.» Og videre Markus 13,31.v. «Himmel og jord skal forgå, men mine ord skal slett ikke forgå.»

## ISRAEL

### Islam – totalitær politisk ideologi



– Som demokrat og tidlegare folkevald står Israel for meg som eit glimt av lys i eit område der det ellers er stappmørkt overalt, skriv Hallgrim Berg i denne utgåva av Lys over Land. Han engasjerer seg no sterkt for organisasjonen MIFF – Med Israel for fred – og reiser rundt i Noregs land som foredragshaldar som forkjempar for Israel.

Det er berre eitt vestleg land som har vore nødt til å kjempe for sine verdiar mot jihads krefter og islamshertjingar sidan det jødiske statens fyrste dag: Israel, kanarifuglen i kolgruva.

Israel står for meg som er demokrat og tidlegare folkevald, som eit glimt av lys i eit område der det er stappmørkt overalt elles. Israel

er eit vestleg, moderne demokrati, medan Syria, Saudi-Arabia og Egypt er å sjå som middelalderske diktatur.

Den såkalla midtaustenkonflikten dreiar seg i liten grad om land og landområde. Dette er berre eit ytre propagandaskal (dette at «arabiske område er okkupert», at «Israel trugar landa rundt seg», osv).

Konflikten botnar seg ein eldgamal strid mellom kulturar, mellom tankesett, mellom ideologiar; ein kamp mellom islam og den frie levemåten slik han er utvikla i vestlege demokrati. Det er ikkje primært ein kamp om nokre hektar land i Gaza, Judea eller Samaria. Det dreiar seg om islamsk ekspansjonisme og jihad, den politisk-religiøse overtyinga om at muslimar har eit kall og ei heilag plikt til å fremja islam – om naudsynt med alle midlar, om det så er med vald og krig, om det så er gjennom mord, sjølv mord og alt ein kan oppnå blant menneske ved å skapa frykt, til dømes ved å bombe og blåse seg sjølv og uskuldige til himmels. Det står mellom dette og Vesten sine verdiar.

Sanninga er: Konflikten i Midt-Austen står ikkje om nokre spreidde busetjingar på Vestbreidda. Sett frå islamsk side er heile Israel okkupert land. Dei ser på Tel Aviv og Haifa som busetjingar, som må erobrast og verta underkasta islamsk styre.

Jødane har forlete og er drivne ut av Gaza. Det islamistiske målet er å drive dei ut av det området som for tida vert kalla Vestbreidda, dvs. det som i tusenvis av år har vore Judea og Samaria. Tenkje seg, at europeiske pro-palestinske støttegrupper vil at også desse områda skal tømast for jødar. Jødane skal ut, vekk, bort. Staten Israel skal ikkje verta anerkjent. Grannane gjekk til krig på den nye statens fyrste dag i 1948.

Sanninga er smerteleg: Israel står i vegen for islam og islamsk ekspansjonisme. Islam har slege under seg land og statar heilt frå det afrikanske atlanterhavskysten gjennom Nord-Afrika, forbi Midtausten og bortover mot den kinesiske muren og nedover i

Søraust-Asia. 58 statar er med i OIC, The Organization of the Islamic Conference, og islam har 1,3 milliardar menneske i sitt grep. I Det Islamske Huset skal det vera lett å koma inn, men i praksis umogeleg å koma ut att.

Israel, med hjelp frå USA, syner kraftig motstand mot det militante jihad, nasjonalt og internasjonalt. USA og Israel står fremst i all kamp mot terrorisme. Difor er dei lagde for hat.

Skal dei verta kvitt Israel, må arabiske leiarar hisse opp det anti-jødiske stemningane i folket i sine egne land. Dei må spela på internasjonal sympati, hevde at arabiske flyktningar (som etter 1948 er omdøyppte til palestinarar) – «flyktningar» no i tredje og fjerde generasjon må få rett til «å vende tilbake».

Skulle dette skje med palestinarar masseinnvandring til dagens Israel, ville jødane snart bli ein minoritet, og me veit korleis det ville gå, også i det landet som verdssamfunnet har oppretta for å vera eit land og ei nødhavn for jødar.

Muslimsk styrte land har klare skilnader i framtoning, politikk, straffesystem osv. Det er viktig å halde nyansane klare. Relativt moderne innstite regime som Tunis og Malaysia skil seg på fleire område mykje frå prestestyret i Iran og dei mest hardbarka fundamentalistane i Jemen og Saudi-Arabia.

Men det er dei militante, det Irshad Manji kallar «den islamske ørkenimperialismen» som styrer løpet i dag. «Moderate muslimar» – om eit slikt omgrep i det heile kan nyttast, maktar ikkje å isolere dei offensive og aggressive kreftene. Iflg. Statsminister Erdogan i Tyrkia er uttrykket «moderat islam» rett og slett ei meiningsløyse. Han polemiserer mot s.k. radikal eller moderat islam. Han seier rett ut: Islam er islam.

Kvifor dette hatet mot jødane og Israel? Den grunnleggjande tankegangen finn me i Koranen. Der er det ikkje mykje å hente for jødane.

Men sjå også på den praktisk-politiske situasjonen i Midt-austen: For herskarane og dei privilegerte gruppene på toppen i dei arabiske oljestatane, der folket lever i sosialt elende, i analfabetisme og vankunne, med sensur og hjernevask sett i system, er det beintfram farleg å ha eit Israel gåande: Det er jo eit utstillingsvindauga for modernisme, opplysning, utdanning, deltaking, folkestyre, velferd, likestilling mellom mann og kvinne, med gode kår for minoritetane osv. Nei, det er skummelt å ha slike utstillingsvindauga som Israel i nærleiken. I tillegg har dei i Israel det verste av alt – yringsfridom og organisasjonsfridom. Alt dette kan koma til å setja «grillur» i hovudet på folk, og dermed undergrava dei arabiske elitane sine ufattelege eigedomar, privileg og maktposisjonar.



– Kvifor dette hatet mot jødane og Israel? Den grunnleggjande tankegangen finn me i Koranen. Der er det ikkje mykje å hente for jødane, skriv Hallgrim Berg i *Lys over Land*.

Spør du ein gjennomsnittleg europeisk journalist om kva jihad er, kva historia fortel om praksis sidan Profeten tok av seg silkehanskane i sine siste år, og kva som skjedde då jihad kom i sving med Heilag Krig etter Proftens død i 632, veit ho eller han lite eller ingenting om.

Spør du om historia er det vel berre ein av tusen som veit islamske hærstyrkar har prøvd å erobre Europa opptil fleire gonger. Kven har høyrte om slaget ved Poitiers i 732 ved Wien i 1523 og på nytt ved Wien i 1683, det største slaget i Europa før 1. verdenskrigen 230 år seinare. Då var Europa på nippet til å falle, hadde det ikkje vore for massemobilisering av polske bønder med krossen på brystet.


Med islamske styrker kjem att, ikkje lenger med hærar og våpenmakt, men med ein kombinasjon av fem svært sterke element på si side: Olje, emigrasjon, fødselstal, utnytting av demokrati og vestleg toleranse, grenselaus terrorisme og eit tolmod i tusenårs-perspektiv.

Mot dette kan Europa stille opp med: Ein aldrande befolkning og nedovergåande folketal i mange store land, ein integrasjonspolitikk som ikkje verkar, og ei samfunnsutvikling der innsatsvilje og religion vert erstatta med feriekatalogar og fotball.

I norske klasserom i dag vert islam framstilt som «fredens religion». Autoriserte lærebøker og leksika fortel ikkje lengre om det, men ifølgje CSPI (Center for the Study of Political Islam) har jihad slakta ned rundt 10 millionar buddhistar langs Silkevegen. I Afrika har over 120 millionar kristne og animistar bøtt med livet grunna jihad dei siste 1300 åra. Rundt 60 millionar kristne måtte lata livet i Midtausten og det s.k. «europeiske» Nord-Afrika. Viktige delar av den storfelte hindu-sivilisasjonen gjekk under og om lag 80 millionar hinduar vart drepne. Dette er skrekkelege tal, truleg over 250 millionar. Rett nok: Overgrep har og skjedd via krossferdene, heksebrenningane og inkvisisjonen, men målt i menneskeliv er det, i samanlikning, mikroskopiske tal. Det er meir tale om promille enn om prosent.

Jødane fekk ofte slaveliknande status som dhimmiborgarar i Det Islamske Huset og måtte svara skatt etter herrefolkets innfallsmetode. Jødane kjenner soga om jihad, og dei veit kva som eventuelt er i vente. Men det gjer ikkje folk i Europa, anten dei ligg på sofaen heime eller sit under ein parasoll i Syden.

**Hallgrim Berg, Ål i Hallingdal. Blant anna tidlegare stortingsrepresentant for Høgre. Møtt i 24. Storting i perioda 1977 – 2001 (irekna to periodar som vararepresentant)**



– Israel, med hjelp frå USA, syner kraftig motstand mot det militante jihad, nasjonalt og internasjonalt. USA og Israel står fremst i all kamp mot terrorisme. Difor er dei lagde for hat, meiner tidlegare stortingsrepresentant Hallgrim Berg.

Dersom noen av våre lesere har noen bønnebegjær de ønsker å dele med andre er dere hjertelig velkommen til å sende dem til KMMs hovedkontor på adressen som står på side 3 i bladet. Vi håper dere kan bruke denne spalten i deres daglige bønn til Herren.

Be for:

– Våre misjonærer Anne Margrethe Eidesvik i India og Anette Nordhelle i Senegal.

– Våre nasjonale medarbeidere i India, Indonesia, Israel og Senegal. Vi vil spesielt nevne Yousif Odeh i Israel, pastor og våre evangelister i Senegal (Insa, Gilbert og Mattieu), presten i Sajinipara (Joseph Sankata) og evangelistene, medarbeidere, samt leder i Smyrna Mission Fellowship (SMF), Oli Fangiadie i Indonesia.

– Våre medarbeidere i Norge: David Svensen, Dagfinn Røsvik, Sigmund Meland, Tore Arnegard, Kristoffer Ueland og Jakob Trodahl.

– Evangelisten Morsalim, hans kone Rupa og sønnen Anthony. Be om at de må få oppleve ny kraft fra himmelen og ny omsorg  
– Våre mange frivillige forkynnere  
– Nye misjonærer til Senegal  
– At Gud må gi oss inntekter slik at misjonsarbeidet kan styrkes og drives videre  
– Kretsstyre- og Landsstyremedlemmer  
– Innvandrerearbeidet blant muslimene i Norge

Husk å takke Gud for:

– Gode medarbeidere ute og hjemme  
– Åpenhet for Ordet i India, Senegal og Indonesia

Be spesielt for:

– Menighetssituasjonen og prosjektet i Nioro du Rip og samarbeidet med Den Nasjonale Lutherske kirken i Senegal  
– Språkarbeidet til Jorunn og Hillebrand Dijkstra  
– Anne Margrethe Eidesvik og hennes viktige tjeneste i Sajinipara og NELC  
– Forfulgte kristne i Indonesia  
– Arbeidet med bladet Misbah Ul-Haqq i Israel



## Økonomi

I skrivande stund ligg KMM for dei fyrste åtte månadane ca. kr. 625.000,- i underskot. Dette er eit stort underskot og me ber difor misjonsfolket om gåver til våre mange arbeidsoppgåver både her heime og ute på misjonsmarken. Utgiftssida har auka betrakteleg det siste året og utfordringane står i kø. Me vonar og ber difor om ei god haustgåve.

Ein stor takk til alle som støttar arbeidet med å nå muslimane med evangeliet gjennom bøn og gjevarteneste. Store oppgåver ligg

og ventar i Senegal, India, Israel og Indonesia. Det er også stadig større utfordringar her heime med ein auke av muslimar i Norge. Dersom du ynskjer å gje ei gåve til KMM kan du nytte giroen i dette bladet eller sende di støtte til bankgiro: 8220.02.19720. Minner også om giro som er lagt ved dette bladet, der me ber om innbetaling av frivillig kontingent på abonnement av «Lys over Land». På førehand hjarteleg takk!

*Tore Arnegard*

## Fra Mali til Norge på motorsykkel

Jon Solve Strand har vært misjonær for Normisjon i Mali i tre år. Derfra har han tatt turen hjemover på motorsykkel sammen med fire andre nordmenn. Dette melder normisjon.no. Nå har Strand ankommet Norge.

– Å returnere på MC er flott på flere måter. Ved å reise slik, vil sjelen komme til Norge samtidig med kroppen, i motsetning til om

jeg hadde reist med fly, sier Strand til Normisjon. Etter ferie hos familien i Oppdal, har Strand planer om å flytte til Grimstad.

I Mali har Strand jobbet som altnuligmann på eiendommene til misjonen. Mens han har vært i Mali, har han gledet seg over blant annet positiv byutvikling i Bamako, en fin gjenåpnet nasjonalpark og økonomisk vekst i sportsklatringsbyen Siby.

*KPK*

## Leir for unge i Mali

I sommer arrangerte den lutherske kirken i Mali ungdomsleir. Normisjon har tidligere oppmuntret til dette, og nå tok kirken selv initiativ. Det skriver normisjon.no. Ungdommene som kom lærte blant annet viktigheten av å velge en kristen ektefelle.

66 maliske ungdommer var samlet til leiren i Bafulabé i tre-fire dager. Justin Tienou sitter i synode-styret. Han var med og forbedret leiren.

– Jeg er kjempefornøyd med en flott ungdomsleir. Spesielt var det fantastisk at så mange som 66 ungdommer fra våre egne for-

samlinger kunne samles på samme sted, og bli oppmuntret og utfordret i den kristne tro. Også så vi hvor godt ungdommene hadde det sammen, og at det har utviklet seg et godt fellesskap mellom dem, sier han.

I tillegg til undervisning, var det sang, dans og bønn og andakter. Fotball og annen sport ble det også tid til. Etter leiren reiste deltakerne hjem til Bafulabé, Tambaga, Bamako og Oussou.

*KPK*

**Returadresse for bladet:**  
Kristen Muslimmisjon, c/o IMF, Søre Bildøy, 5353 Straume



*Møte for Kristen Muslimmisjon på misjonsheimen i Florø i Sunnfjord der generalsekretær Tore Arnegard var talar. Ca 45 menneske møtte fram under fellesarrangementet som Frelsesarmeen, pinserørsla, Kristkyrkja, NLM og Normisjon stod bak.*

## Ja, jeg vil gjerne ta medansvar for å bringe evangeliet til muslimene.

- Jeg ønsker mer informasjon om Kristen Muslimmisjons arbeid
- Jeg vil gjerne abonnere på Lys Over Land. (Frivillig kontingent på kroner 60,-)
- Jeg ønsker å støtte KMM med en gave på kroner ..... hver:
  - måned
  - kvartal
  - halvår
  - år

**Du får tilsendt mer informasjon og ferdig utfylte giroblanketter**

Navn:.....

Adresse:.....

Postnr:..... Poststed:..... Telefon: .....

.....  
Dato Underskrift

Kommentar:.....

Klipp av og send slippen til Kristen Muslimmisjon, Postboks 212, 3571 Ål